




RADØY KOMMUNE

BIBLIOTEKDELPLAN



2005 - 2010

INNHALDSLISLE

FOR

BIBLIOTEKDELPLAN FOR RADØY KOMMUNE

1.0 BAKGRUNN	4
2.0 RADØY KOMMUNE	4
3.0 OVERSYN OVER BIBLIOTEKTENESTENE	5
3.1 RADØY FOLKEBIBLIOTEK.....	5
3.1.1 Plassering i kommunehierarkiet	5
3.1.2 Stillingar.....	5
3.1.3 Samlinga.....	6
3.1.4 Økonomi	6
3.1.5 Bruk av biblioteket	7
3.2 SKULEBIBLIOTEKA	7
3.3 BOKBÅTEN.....	8
3.4 SAMARBEID	9
3.4.1 Regionmuseum for Nordhordland/"Museumssenteret i Salhus"	9
3.4.2 Nordhordlandsamarbeidet	9
3.4.3 Samarbeid med grunnskulen.....	9
3.4.4 Samarbeid kring faste utstillingar.....	10
3.4.5 Samarbeid under utvikling	10
3.5 IKT OG DIGITALE SAMLINGAR.....	10
3.6 OPPSUMMERING	11
4.0 INTERNASJONALE, NASJONALE, REGIONALE OG LOKALE RAMMER	12
4.1 FOLKEBIBLIOTEK	12
4.2 BIBLIOTEKET SOM SAMFUNNSINSTITUSJON	13
4.3 BIBLIOTEKET I UTDANNINGA	14
4.3.1 Skulebiblioteka og folkebiblioteka	14
4.3.2 Biblioteket i eit livslang læring-perspektiv	16
4.3.3 Kompetanse	16
4.4 OPPSUMMERING	17
5.0 STERKE OG SVAKE SIDER VED BIBLIOTEKDRIFTA	17
5.1 DEI STERKE SIDENE	18
5.1.1 Organisering og personalressurs.....	18
5.1.2 Filialane/skulebiblioteka	18
5.1.3 Samarbeid	18
5.1.4 Biblioteket som møtestad.....	19
5.1.5 Oppsummering	19
5.2 DEI SVAKE SIDENE.....	19
5.2.1 Filialane	19
5.2.3 Skulebiblioteka	20
5.2.4 IKT og informasjon	20
5.2.5 Oppsummering	21

6.0 VISJON OG STRATEGIAR	22
6.1 UTDJUPING 1: EIT OPPLEVINGSSENTER	22
6.2 UTDJUPING 2: EIT IKT-KNUTEPUNKT OG KUNNSKAPSENER.....	22
6.3 UTDJUPING 3: SAMARBEID	22
6.3 STRATEGIAR.....	22
7.0 TILTAKSPLAN	22
8.0 FRAMDRIFTSPLAN	27

LITTERATURLISTE

1.0 BAKGRUNN

Radøy formannskap vedtok 17.12.03 at det skulle utarbeidast ein plan for bibliotekenestene i kommunen. Det vart sett ned ei styringsgruppe frå formannskapet med ordførar Olav Steinar Namtvedt (Sp) som leiar og følgjande som styremedlemmer: Grethe Lunde (Krf) og varaordførar Ragnar Floen (Ap). Varamedlemmer: Bjørg Murberg (V) og Jonny Sjursen (Frp). I tillegg er desse med: Vikarierande biblioteksjef Silje Namtvedt, Dagfinn Tjore (Eldrerådet), Dag-Inge Bøe (Barne- og ungdomsrådet) og skrivaren Mona Steiner Brekkan (Biblioteksjef i permisjon). Bibliotekplanen skal vera ein kommunedelplan som femnar om *alle* bibliotekenestene. Styringsgruppa har hatt seks møte: 21.01.04, 26.02.04, 11.03.04, 04.05.04, 01.06.04 og 15.06.04 før planen vert sendt ut på høyring. Før me skal ta for oss sentrale lover og styringsdokument, skal me gje eit oversyn over Radøy kommune og stoda for bibliotekenestene.

2.0 RADØY KOMMUNE

På brorparten av den langstrakte øya Radøy, ligg Radøy kommune om lag 40 km nord for Bergen, i regionen Nordhordland. Kommunen har eit areal på 110 km², dvs. at det er ein rimeleg oversiktleg kommune med brusamband til Bergen via Lindås og Meland.¹

Kommunen er i dag delt opp i fire skulekrinsar: Hordabø i nordvest, Austebygd i nordaust, kommunesenteret Manger sentralt på vestsida av øya og Sæbø i sør. I følgje *Kommuneplan for Radøy 2003-2015 (Kommuneplanen)* har folketalet endra seg lite dei siste tretti åra: I 2002 var det 4628 innbyggjarar, for 30 år sidan var det 4230. Her er aldersgruppene denne planen trekkjer fram for 2002:

- Born 6-12 år: 460 personar (den største gruppa blant born og unge)
- Vaksne 20-39: 1208 personar
- Vaksne 40-66: 1415 personar

¹ Her vert tal og dei fleste konklusjonane henta frå *Kommuneplanen* som er under rullering.

- Vaksne over 67: 696 personar

I *Kommuneplanen* står det ikkje noko om endringar i desse gruppene eller om framtidsutsiktene for desse. Likevel er det rimeleg å hevda at folketalet dei komande ti åra i den eldste gruppa vil auka relativt mykje, medan folketalsutviklinga vil redusera i dei yngre gruppene. Gruppa over 67 vil ein i framtida rekna som mindre homogen, til dømes fordi dei vil verta mindre avhengige av helsetenester då eldre i dag er friskare og lever lenger enn nokon gong. For å halda folketalet oppe i dei yngre gruppene treng kommunen å halda på ungdommen, men han treng også tilflytting av unge i arbeidsfør alder. I dag gjeld tilflyttinga primært Manger og Sæbø skulekrins som ligg nærmast Bergen.

3.0 OVERSYN OVER BIBLIOTEKTENESTENE

I dette kapitlet skal me sjå på stoda i Radøy Folkebibliotek, skulebiblioteka, Bokbåttilbodet, samarbeid og IKT med statistiske briller. Til slutt kjem ei oppsummering.²

3.1 RADØY FOLKEBIBLIOTEK

Det er avgjort ei namneendring frå Radøy Folkeboksamling til Radøy Folkebibliotek. Dette namneskiftet markerer at bibliotekdrifta i Radøy har teke steget inn i data-alderen.³

3.1.1 Plassering i kommunehierarkiet

Radøy Folkebibliotek ei sjølvstyrt eining under rådmannen med eige budsjett og har fire kombinasjonsbibliotek.⁴ Hovudbiblioteket er på Radøy Ungdomsskule, og dei tre filialane har lokalar på tre barneskular, Austebygd, Hordabø og Sæbø skule.

3.1.2 Stillingar

Bibliotekssjefen i permisjon er tilsett i 100 % stilling. Det er dessutan to deltidstilsette og ei som går på timar i høve til opningstida om laurdagane. Fram til våren 2003 utgjorde det totale årsverket 1,7 stillingar, noko som utgjer 0,38 årsverk pr. 1000 innbyggjar som ligg under både fylkessnittet på 0,39 og landsnittet på 0,42. Våren 2003 gjekk det totale årsverket ned til 1,6 og

² I dette kapitlet har bibliotekssjef i Lindås kommune og tidlegare bibliotekssjef i Radøy, Marit Gro Berge, vore til stor hjelp. I tillegg har spesialkonsulent Eva Mostraum på Fylkesbiblioteket vore svært sentral i utforminga.

³ Radøy Folkebibliotek vert nytta i det følgjande om hovudbiblioteket og filialane.

⁴ Her er Sletta filial teken med sjølv om han er midlertidig stengt. I det følgjande skriv me likevel tre filialar i og med at stenginga ikkje er politiske vedteken.

etter nyttår vart vikaren for bibliotekssjefen tilsett i 90 % stilling. No er det totale årsverket 1,5. Det er ingen som arbeider på heiltid, og ingen er fagutdanna bibliotekarar.⁵

3.1.3 Samlinga

Samlinga på hovudbiblioteket er ajourført og oppdatert og består for det meste av aktuell litteratur. På Sletta filial er det hovudsakleg barnebøker. Dei to andre filialane har også eit relativt bra utval av aktuell litteratur, men må nytta fjernlån i større grad.

3.1.4 Økonomi

- I 2004 er det løyvd kr. 884 000,- til drift av folkebiblioteket, i 1999 brukte Radøy kommune kr. 811 382,-. Ei auke på 9 %.
- I 2004 er det budsjettet med kr. 593 000,- til løn og sosiale utgifter. Dette utgjer 67,1 % av biblioteket sitt totalbudsjett. I 1999 utgjorde den same posten berre 57,3 % av biblioteket sine utgifter.
- I 2004 er det budsjettet med kr. 170 000,- til innkjøp av media, noko som utgjer 19,2 % av totalbudsjettet. I 1999 var den posten på kr. 194 845,- og utgjorde 24 % av totalbudsjettet. Mediebudsjettet har altså gått ned med kr. 24 845,- i løpet av desse åra. Dette utgjer ein nedgang på 12,8 %. Dersom utgifter til medieinnkjøp hadde følgd konsumprisindeksen burde den i løpet av tida jan.1999 til jan.2004 ha auka frå kr.194 000,- til kr. 216 408,- og den ville då framleis ha utgjort 24 % av totalbudsjettet. (Kjelde SSB: <http://www.ssb.no/emner/08/02/10/kpi/kpiregn.html>).
- Løyvingar til andre utgifter har også blitt redusert frå kr. 151 601,- i 1999 til kr. 121 000,-, ein nedgang på 20 %. I denne posten ligg m.a. utgifter til data som er hovudansvarsområdet til Radøy Folkebibliotek i Nordhordlandsamarbeidet. Skulle denne posten følgd konsumprisindeksen vill den vore på kr. 168 378,- i 2004.
- I 2003 brukte Radøy kommune kr. 212,03 pr. innbyggjar på drifta av folkebiblioteket, fylkesgjennomsnittet låg på kr. 223,41. I og med at budsjetttramma til Radøy Folkebibliotek i utgangspunktet var relativt lita, vert dermed budsjettkutt på 100 000 frå 2003 til 2004 relativt stort og meir dramatisk for drifta og tilbodet enn i andre større etatar med større budsjett.

⁵ Radøy Folkebibliotek har fram til juni 2004 hatt 1 stilling via aetat (eittårig språkpraksis plass).

3.1.5 Bruk av biblioteket

Radøy har lenge hatt høge tal på utlån pr. barn sett i høve til resten av Hordaland. I 2003 var det eit utlån på 13,37 pr. barn medan heile fylket hadde eit snitt på 7,77 utlån. pr. barn på 0-14 år. Likevel låg det totale utlånet pr. innbyggjar for 2003 på 5,19, noko som er under fylkesgjennomsnittet på 6,07. ⁶ Besøk pr. innbyggjar i Radøy går også nedover: I 2003 hadde ein 2,27 besøk pr. innbyggjar mot eit relativt høgare fylkessnitt 5,57 pr. innbyggjarar. ⁷

Fjernlånet har auka jamt og trutt i dei siste åra, frå 469 i 2001 til 621 i 2003. Fjernlånet låg i 2003 på 13,36 lån pr. innbyggjar som er langt over gjennomsnittet i fylket, 4,86. Her må det då nemnast at Bergen, med over halvparten av innbyggjarane i fylket og svært låge fjernlånstal, gjer fylkesgjennomsnittet mykje lågare enn det elles ville vore. (Hordaland Fylkeskommune: <http://www.hordaland-f.kommune.no/fylkesbibl/Statistikk/Default.htm>) Det kan difor vera lurt å ha in mente å ha eit bokbudsjett som hadde gjort det mogeleg å kjøpa noko av det som no blir fjernlånt i og med at slike lån er dyre.

Talet på arrangement har auka frå tre i 2000 til sju i 2003. Ein naturleg konsekvens av budsjettet for i år er m.a. at talet på arrangement mest sannsynleg vil verta redusert i år.

3.2 SKULEBIBLIOTEKA

Skulebiblioteka i Radøy låg i 2002 på 9. plass på utlånstoppen til Hordaland fylke (Hordaland fylkeskommune: <http://www.hordaland-f.kommune.no/fylkesbibl/Statistikk/Default.htm>.) På skulebiblioteka har alle elevane tilgang på datamaskiner med nett-tilgang, dessutan har alle skulane, unnateke Austebygd, breiband. Dei fem skulane i Radøy har alle skulebibliotek med varierende kvalitet på lokala. Våren 2004 er det i praksis Austebygd og Manger skule som ikkje er kombinasjonsbibliotek.

Bibliotektimane frå kommunen har ein delt som følgjande: Ein skuletime i veka til dei fire barneskulane og tre skuletimar i veka til ungdomsskulen. Denne ressursen har vore stabil i dei


⁶ I 2002-statistikken endra ein definisjonen på born frå 0-12 år til 0-14 år for å vera meir i tråd med internasjonal statistikk. Med den gamle definisjonen på born ville det i 2003 ha vore 15,27 utlån pr. barn. Vaksne vart naturleg nok også endra frå 13- til 15-. Dersom ein ikkje er klar over dette ser det fort ut som ein har hatt ein veldig stor nedgang i utlån pr. barn og ein stor oppgang i utlån pr. vaksen frå 2001-2002.

⁷ Fylkessnittet burde faktisk vore høgare sidan det er sju kommunar som ikkje har registrert besøk. Så i desse kommunane er det null besøk medan innbyggjarane deira likevel blir rekna med i statistikken.

ti siste åra. Landsgjennomsnittet i 1997 var 3,5 timar i veka. (Utdannings- og forskningsdepartementet 2003-2004:15)⁸ Det er berre Sæbø skule som har tilsett ein bibliotekansvarleg lærar med vidareutdanning i skulebibliotek.⁹

3.3 BOKBÅTEN

Det er fire bokbåtkontaktar i Radøy kommune, tre er privatpersonar og ein er Floen-kollektivet, kontaktane er løna av kommunen med 4000 kr i året, resten er Hordaland fylke økonomisk ansvarleg for. Fram til 1997 hadde Radøy kommune tre vitjingar i året av bokbåten, og dermed også høgare utlån for tida etter med to vitjingar i året. For å gjera tala meir samanliknelige har me ganga tala for åra etter 1997 med 2/3. Dei siste ti åra har utviklinga for utlåna ved Bokbåttilbodet i Radøy kommune vore slik diagrammet under viser:



Det er Toska som skil seg ut med dei største endringane: Tidlegare hadde ein her m.a. bøkene med seg på samlingar med småbarnsmødre og hadde dermed veldig mykje utlån mellom turane, noko som altså blir rekna med i statistikken. I 2003 var det lite, men ut frå vårturen i år ser det ut til å bli betre igjen. Dei andre stoppa har hatt mindre endringar, men det er rimeleg å tru at den vesle auken på Sletta vil halda fram no når Sletta filial er stengt. I Floen-kollektivet står bøkene i daglegstova og det er ingen som tel bruken, ein tel berre kor mange bøker som går på land. Sjølv om det sidan 1999 har vore ein relativt stor nedgang for alle, er ikkje nedgangen så stor frå 2001 og det ser heller ut til at det kan skje ein oppgang.

⁸ Ungdomskulen har snart i to år supplert dette med ein 50 % stilling via aetat som går ut no i juni.

Bokbåttilbodet er no inne i ei omlegging organisatorisk, der Bokbåten er tenkt til å bli ein del av den Kulturelle skulesekken i fylket. Dette kan også føra til ei litt anna organisering når det gjeld kulturprogrammet om bord. Det er framleis mogleg å endra Bokbåtstopp.

3.4 SAMARBEID

3.4.1 Regionmuseum for Nordhordland/"Museumssenteret i Salhus"

Tiltak 1.1 i *Fylkesdelplan for Museum* omhandlar det regionale samarbeidet for arkiv, bibliotek og museum som er i tråd med *ABM-meldinga (St.meld. 22)*. I samband med utbygginga av denne strukturen i regionen vår, er det naturleg at Radøy Folkebibliotek i saman med dei andre biblioteka i regionen tek opp eit samarbeid og vert deltakarar i denne prosessen.

3.4.2 Nordhordlandsamarbeidet

Det er etablert eit internt og formelt samarbeid basert på ein skriftleg avtale mellom dei sju kommunane i Nordhordland (Nirvana 2003:1) Dette regionsamarbeidet har sidan 1990 arbeida saman om m.a. katalogar, lån, transport av bøker, ulike prosjekt og har difor fleire møter gjennom året. I tillegg er kompetansebygging og kursing av kvarandre sentralt i dette interkommunale samarbeidet. Folkebiblioteka i regionen har bygd opp ein særkompetanse dei ti siste åra, auka fagprofesjonalitet og spesialsamlingar innanfor kvart sitt område. I høve til samlingsutvikling har Radøy Folkebibliotek religion og filosofi og spesialområdet er, som tidlegare nemnt, data. Økonomisk konsekvens av denne avtalen er at 15000,- kr alltid skal vera sett av til kjøp av litteratur og kursing. Dette regionsamarbeidet har vore eit pilotarbeid nasjonalt for interkommunalt samarbeid, ein modell for andre kommunar. (Hordaland fylkeskommune 2002:10)¹⁰

3.4.3 Samarbeid med grunnskulen

Det er eit godt formelt, samarbeid mellom skulebiblioteket på Radøy Ungdomsskule og hovudbiblioteket. Kravet om formelt (skriftleg) samarbeid er heimla i *Lov om folkebibliotek* § 6 der det står at "Det skal være et organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og de kommunale skolebibliotekene. Departementene gir veiledende retningslinjer for slikt

⁹ Muntleg kjelde: Spesilakonsulent Helge Vallestad.

¹⁰ Dette vert også understreka i Tiltak 1.2 om interkommunalt samarbeid i *Fylkesdelplanen*.

samarbeid” (Lovdata: <http://www.lovdata.no/all/hl-19851220-108.html>). Det eksisterer ikkje noko formelt samarbeid med dei fire andre skulebiblioteka.

3.4.4 Samarbeid kring faste utstillingar

Historisk har emigrasjon vore ein viktig del av lokalsamfunnet og dette har vorte aktualisert dei siste åra gjennom oppbygginga av Vestnorsk Utvandringsenter. Hovudbiblioteket byrja sommaren 2003 med å leggja til rette for ei fast utstilling der alle bøkene som handlar om emigrantlitteratur uansett sjanger vert skilt ut frå resten av samlinga. Difor har Vestnorsk Utvandringsenter og Radøy Folkebibliotek ein skriftleg avtale om utveksling av kompetanse.

Gjennom eit samarbeid mellom arkeologen Bård Kolflaat, Radøy Ungdomskule, Radøy kommune og Radøy Folkebibliotek har ein fått til ei fast utstilling med kopiar av båtfunn Kolflaat har gjort lokalt.

3.4.5 Samarbeid under utvikling

I tillegg har Radøy Folkebibliotek oppretta kontakt med følgjande samarbeidspartnarar: Næringsrådet i Radøy, ulike bedrifter i Radøy, Europakontoret, Fylkesbiblioteket, Radøy frivilligsentral, sosialkontoret, flyktningskonsulenten, Radøyhallen, kulturkonsulenten, spesialkonsulenten, Eldrerådet, Barne- og Ungdomsrådet og Radøy Mållag.

3.5 IKT OG DIGITALE SAMLINGAR

Det er ulike definisjonar på kva ein skal leggja i omgrepet ”det digitale bibliotek”, men i *St. melding nr 22: Kjelder til kunnskap og oppleving (ABM-meldinga)*¹¹ vert det hevda at folkebiblioteka i framtida framleis skal vera ein konkret stad, og det er difor rettare å tala om *digitale samlingar*. I tillegg til å gjera digitalt materiale tilgjengeleg skal folkebiblioteka yta rettleiing og aktiv formidling. (Utdannings- og forskingsdepartementet Kap.5.5.4:12) IKT-aspektet er også eit verkemiddel Hordaland Fylke har for å gjennomføra målet om å heva IKT-kompetansen til innbyggjarane i Hordaland fylke. Folkebiblioteka skal vera lokale knutepunkt for IKT-tilgang og ”... ved å ha god tilgang til IKT i biblioteka kan ein utvikle arenaer som kan fremje kommunikasjon mellom innbyggjarane, politikarane og forvaltning på fylkeskommunalt og kommunalt nivå.” (Hordaland fylkeskommune 2002:6)

¹¹ Stortinget vedtok at det i frå januar 2003 vart skipa eit statleg tverrsektorielt og departementsovergripande organ for arkiv, bibliotek og museum, ABM-utvikling. ABM-utvikling kjem i staden for dei gamle institusjonane Norsk museumsutvikling, Statens bibliotektilsyn og Riksbibliotekstjenesten. I tillegg er det bygd opp ein fagkompetanse på arkiv-området.

Regionsamarbeidet har fått 500 000 kr til prosjektet NIRVANA¹² som skal sikra innhaldsproduksjon til breibandutviklinga i regionen og gjera nettbaserte tenester, informasjon og digitale samlingar tilgjengelege. Dette syner at Radøy Folkebibliotek lenge har arbeida med IKT-perspektivet i lag med resten av regionen. Dessutan er Radøy Folkebibliotek nemnt i *IT-strategi* for Radøy kommune i samband med *tre av dei fem* eksisterande IKT-prosjekta: Nærinett, Breiband til alle i Hordaland og NIRVANA (5.6). Likevel er Radøy Folkebibliotek utelate som eigen etat med eige budsjett under rådmannen og ikkje blitt vurdert som eit utviklingsinstrument, reiskap og verkemeiddel i iverksettinga av strategiane.(Radøy kommune 2004:9)¹³

3.6 OPPSUMMERING

Bibliotektenestene i Radøy kommune er fragmenterte: Brorparten er Radøy Folkebibliotek ansvarlege for, medan grunnskulen har ansvar for skulebiblioteka, fylket og bokbåtkontaktane for bokbåten. På grunn av mindre løyvingar er tilbodet og bruken av Radøy Folkebibliotek redusert. Det same gjeld Bokbåttilbodet og skulebiblioteka har same ressursane i dag som for 10 år sidan, før dei to store skulereformene på 1990-talet. I tillegg til dei formelle og uformelle samarbeida med grunnskulen, har Radøy Folkebibliotek ein god del samarbeid som kan utviklast vidare. På IKT-feltet har Radøy Folkebibliotek eit stykke att for å verta eit naturleg og sentralt IKT-knutepunkt med ein utvikla og oppdatert maskinpark.

Parallelt med den reduserte drifta av Radøy Folkebibliotek og dei andre bibliotektenestene i kommunen, har den statlege bibliotekpolitikken gjeve klare styringsignal på at bibliotektenestene i kommunane skal utgjera svært sentrale og viktige oppgåver i framtida.¹⁴

¹² Nordhordlandsbiblioteka i regional vidareutvikling av nettenester og administrasjon.

¹³ Biblioteket er også utelatt i kapittel 2.2.2 ”Kart over tenesteeiningane: Administrativ oppbygging pr år 2003”

¹⁴ L97, R 94, ABM-meldinga, St.meld.nr.38 (2002-2003) *Den kulturelle skulesekken (Den kulturelle skulesekken)*, St.meld.nr.39 (2002-2003) ”*Ei blot til lyst*”: Om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen (*Ei blot til lyst*), St.meld.nr.30 (2003 -2004) *Kultur for læring: Tilråding fra Utdannings- og forskingsdepartementet av 2. april 2004, godkjent i statsråd samme dag. (Regjeringen Bondevik II) (Kultur for læring)*, St.meld.nr.48 (2002 -2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014 (Kulturmeldinga)*, *Program for digital kompetanse 2004-2008 (Program for digital kompetanse)*, tiltaksplanen *Gi rom for lesing: Strategi for stimulering av leselyst og leseferdighet 2003-2007(Gi rom for lesing)* og *Fylkesdelplanen for biblioteka i Hordaland (Fylkesdelplan)*

4.0 INTERNASJONALE, NASJONALE, REGIONALE OG LOKALE RAMMER

4.1 FOLKEBIBLIOTEK

Førmålsparagrafen i *Lov om Folkebibliotek* seier dette om tenestene til folkebiblioteka:

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Virksomheten skal være utadrettet, og tilbudene skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem. (Lovdata: <http://www.lovdato.no/all/hl-19851220-108.html>)

Denne lova utgjer i lag med *Reglement for folkebiblioteket - veiledende retningslinjer* frå ABM-utvikling dei viktigaste styringsdokumenta for drifta av folkebibliotektenestene i Noreg. I *Lov om Folkebibliotek* er gratisprinsippet framleis gjeldande. Dette demokratiske prinsippet botnar i § 1 i *Kongeriget Norges Grundlov, given i Rigsforsamlingen paa Eidsvold den 17de Mai 1814 (Grunnlova)* der det står m.a. at ”Kongeriget Norge er et frit, selvstendigt, udeleligt og uafhændeligt Rige.” (Lovdata: <http://www.lovdato.no/all/tl-18140517-000-002.html>) For bibliotektenestene inneber dette m.a. at kommunen har ei plikt til å leggja til rette for til dømes gratis tilgang til offentleg informasjon. På denne måten sikrar ein at sosial status og inntekt ikkje skal vera av tyding når folk ønskjer informasjon eller tilgang til internett. Vidare står det i § 100 i *Grunnlova*:

Trykkefrihed bør finde Sted. Ingen kan straffes for noget Skrift, af hvad Indhold det end maatte være, som han har ladet trykke eller udgive, medmindre han forsætlig og aabenbare har enten selv vist, eller tilskyndet Andre til, Ulydighed mod Lovene, Ringeagt mod Religionen, Sædelighed eller de konstitutionelle Magter, Modstand mod disses Befalinger, eller fremført falske og ærekrænkende Beskyldninger mod Nogen. Frimodige Ytringer, om Statsstyrelsen og hvilkensomhelst anden Gjenstand, ere Enhver tilladte. (Lovdata: <http://www.lovdato.no/all/tl-18140517-000-002.html>)

Landet vårt har såleis trykkefridom, men ikkje full yringsfridom i og med at staten kan driva sensur. Såleis ønskjer Radøy kommune å leggja *Etiske retningslinjer for bibliotekarar og bibliotekansatte i Norske fag- og forskningsbibliotek* til grunn for bibliotektenestene i kommunen slik at ein t.d. kan installera nettfiler mot materiale av støytande karakter og gjera det ulovleg å gå inn på nettsider med støytande materiale på biblioteka. (Vaagan 2002:196)

Det er såleis lovfesta at kommunane er ansvarleg for å ha ei folkebibliotekdrift som er *gratis* og som *femnar om meir enn å låna ut bøker*. I det følgjande skal me difor sjå på kva sentrale styringsdokument seier om kva andre oppgåver enn å låna ut bøker folkebiblioteka har.

4.2 BIBLIOTEKET SOM SAMFUNNSINSTITUSJON

Radøy kommune nyttar manifestet til UNESCO¹⁵ om folkebibliotek som eit sentralt styringsdokument for bibliotektenestene. Manifestet gjev klart uttrykk for at folkebiblioteka er "... en levende kraft for utdanning, kultur og informasjon, og som et vesentlig element i arbeidet for å fremme fred og åndelig utvikling og velferd blant mennesker." (UNESCO: <http://www.unesco.no/generelt/unesco/instrumenter/folkbibl.html>) Samfunnsrolla til biblioteka vert også understreka i *ABM-meldinga*:

Samfunnsrolla til biblioteka ligg i skjæringspunktet mellom kulturpolitikk, utdanningspolitikk og ein politikk for demokratiet. Biblioteka er viktige når det gjeld utdanning og informasjonstilgang, litteratur- og kulturformidling. I det demokratiske aspektet må målet vera å leggja til rette for at einskildmennesket kan delta aktivt i og påverka samfunnet. (Utdannings- og forskingsdepartementet Kap. 5.1.1: 1)

I *ABM-meldinga* vert det såleis slått fast at ei av hovudoppgåvene er å vera ein sentral møtestad i lokalsamfunnet. I *Fylkesdelplanen* er nettopp det å synleggjera biblioteket som viktig tenesteytar og attraktiv arena ein av dei seks hovudstrategiane i perioden. (Hordaland fylkeskommune 2002:11) I planlegginga av bibliotektenestene må ein difor leggja vekt på å få samfunnet i biblioteket og biblioteket ut i samfunnet. Ein modell for slikt arbeid kan vera det amerikanske bibliotekparadigmet "Civic librarianship" der hovudideen er at biblioteka må finna vegar til brukarar og ulike brukargrupper slik at biblioteka vert tydingsfulle og viktige i lokalmiljøet. (McCabe 2001:XV). På denne måten kan biblioteka i kommunen verta sivilsamfunnets rom i ei kommersialisert tid. (Skot-Hansen 2001:54-60)

Kulturmeldinga understrekar at det er viktig å operera utifrå eit vidt og inkluderande kulturomgrep "... som kan fanga opp nye impulsar i eit omskifteleg samfunn prega av tiltakande kulturelt og estetisk mangfald." (Kultur- og kyrkjedepartementet Kap. 2.4.1: 6). Ein må synleggjera mangfaldet i den lokale kulturen og nyttar lokale ressursar, men i ei globalisert verd vil det vera naturleg å plassera det lokale og regionale i for- og notid inn i ein større samanheng gjennom t.d. å driva med internasjonalisering.

Dette samfunnsperspektivet på bibliotektenestene gjer tenesteproduksjonen til biblioteka komplekse. Samstundes er eit slikt relasjonelt perspektiv også ei opning for å sjå oppgåver og arbeidsmål på tvers av tradisjonelle etatar og samordna tiltak og oppgåveløysing lokalt.

¹⁵ UNESCO = Dei sameinte nasjonane sin organisasjon for Utdanning, Vitskap og Kultur.

4.3 BIBLIOTEKET I UTDANNINGA

Først og fremst er bibliotkoppgåvene knytta gjennom lov til skuleverket, men i dag er det ikkje lenger slik at det er berre born og unge som utdannar seg og at ein utdannar seg til berre eitt yrke. I det siste tiåret har omgrepet livslang læring kome inn i mange ulike styringsdokument fordi det vert stilt formelle krav til utdanning i aukande grad og dermed vert det vanlegare med vidare- og etterutdanning.¹⁶ Dette gjeld sjølvsagt folk i yrkesaktiv alder, men også den veksande gruppa med friske ressurssterke eldre. I den same stortingsmeldinga vert det trekt fram at internasjonal forskning og undersøkingar peikar på at ein må konsentrera seg om ein del grunnleggjande ferdigheitar i skulen for den faglege og personlege utviklinga til elevane og lærlingane. Regjeringa meiner følgjande er det sentrale:

Å kunne uttrykke seg muntlig, å kunne lese, å kunne uttrykke seg skriftlig, å kunne regne og å kunne bruke digitale verktøy. Dette er ferdigheter som er grunnleggjande for å kunne tilegna seg og utvikle kunnskap og viten i fag, men også grunnlag for å kunne kommunisere og samhandle med andre i et bredt spekter av sammenhenger; i utdanning, yrke, samfunn og/eller på det personlige plan. For å sikre en kontinuerlig utvikling av elevenes grunnleggjande ferdigheter gjennom hele opplæringsløpet, må disse ferdighetene integreres i læreplanene for alle fag på ulike nivåer. Det utarbeides nye læreplaner i alle fag i grunnopplæringa. (Utdannings- og forskingsdepartementet Kap. 1.1:1)

Med eit slikt utvida perspektiv på utdanning og læring og endring av mål, er det då viktig å utvikla bibliotektenestene "... som attraktive og profesjonelle læringsarenaer med en synlig og bevisst pedagogisk profil som er tilpasset bibliotekets brukere." (Sætre 2001:23) I det følgjande skal me då sjå på sentrale satsingsområde i høve til bibliotektenestene: Skulebiblioteka, livslang læring-perspektivet og IKT og bibliotek.

4.3.1 Skulebiblioteka og folkebiblioteka

Det lovpålagte samarbeidet mellom grunnskulen og folkebiblioteka i kommunane vert også understreka i § 9.2 "Rådgiving og bibliotek" i *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)* og i *Den kulturelle skulesekken* i kapittel 4.5.4 "Folkebiblioteka og skulebiblioteka". Forutan å vera ei lovpålagt oppgåve er det å satsa på dei to bibliotektypane ei satsing på læringsmiljøet til born og unge. Born og ungdom er ei svært stor og viktig gruppe brukarar av biblioteka, og dei skal også "... ha lett tilgang til eit bibliotek for å kunna gjera dette til ein naturleg del av oppvekstmiljøet." (Lovdata: <http://www.lovdata.no/all/hl-19920925-107.html>)

¹⁶ Dette vert også understreka i stortingsmeldinga *Kultur for læring* gjennom m.a. eitt eige kapittel "Lære hele livet".

I *Rom for lesing* vert det uttalt at skuleeigarane har "... et særlig ansvar for å sikre at skolene arbeider systematisk og planmessig med leseferdigheter, lese lyst og skolebibliotek."

(Utdannings- og forskingsdepartementet Kap. 6: 22) Hovudårsaka er at det å fokusera på lese- og skrivestimulering i ei IKT-tid er viktigare enn nokon gong før ettersom ...

Resultatene fra PISA-undersøkelsen viser at norske 15-åringer er blant de klart minst positive til leseaktiviteter av samtlige deltakende lands elever. I Norge lesar 35 % av elevene aldri for fornøyelsens skyld, og 35% lesar 30 minuttar eller mindre kvar dag. Det er store kjønnsforskjellar i jentenes favør. Men det er viktig å merke seg at elevene i Norge hevder seg bedre enn gjennomsnittet når oppgavene er knyttet til tekster som enten er spennende eller handlar om noe som unge menneske er opptatt av - med andre ord når innholdet fenger. (Utdannings- og forskingsdepartementet Kap. 2:3)

Denne uroa over ein påvist nedgang i leseferdigheten til born og unge i Noreg gjeld såleis særskilt gutar. I *Rom for lesing* legg ein nettopp stor vekt på den manglande lese lyst hjå gutar og knyter det til omgrepet lesekompetanse som er utgangspunktet for å utvikla kulturell kompetanse og informasjonskompetansen. Lesekompetanse og kulturell kompetanse vert såleis essensielle byggjesteinar for å kunna utvikla generelle ferdigheitar "... som kommunikasjon, fatteevne, fleksibilitet og problemløsning: ferdigheter som utvikles på tvers av pensum og faggrensar, og som man anser som viktigere i det virkelige liv enn ren faktakunnskap.

(Utdannings- og forskingsdepartementet Kap2: 4) Radøy kommune framhevar born og unge i *Kommuneplanen* mellom anna gjennom å kanalisera ressursar, og utvikla ulike tenester "... som har deira totale situasjon for auga, og som set dei i stand til å møte dei krav som vert stilte i eit moderne informasjons- og mediasamfunn." (Radøy kommune 2004: 7)

Bibliotektenestene må då verta utvikla slik at dei vert attraktive for born og unge og at desse lærer seg korleis dei kan gjera seg nytte av bibliotektenestene no og seinare. I ei kartlegging Nasjonalt læremiddelsenter gjorde i 1997 avdekkar "... stor mangel på kompetanse i bruk av skolebibliotek. (Utdannings- og forskingsdepartement 2002-2003: 15) I stortingsmeldinga "*Ei blot til lyst*" vert utnyttinga av skulebiblioteka av elevar og lærarar skildra som ei utfordring og peikar på at dette heng saman med "... økonomi, tilgang, åpningstider og bemanning." (2002-2003:15) Dei materielle vilkåra og økonomiske prioriteringar er nokre av årsakene til at den elevstyrte læringa som kom med dei nye reformene på 90-tal ikkje har slått gjennom fordi bibliotektenestene i følgje desse reformene skulle vera

... eit sentralt verkemiddel til å realisere denne pedagogikken, men skulebiblioteka ved skulane er ei teneste som er lite prioritert, trass i at biblioteket mange gonger er framheva som hjartet i skulen og som ein viktig pedagogisk reiskap. Situasjonen på skulebibliotekområdet i Hordaland er framleis dominert av små løyvingar, mangel på personalressursar, låg formell bibliotekkompetanse og dårlege lokale. (Hordaland fylkeskommune 2002:9)

4.3.2 Biblioteket i eit livslang læring-perspektiv

Opplæringslova gjev rett til gratis grunnskule- og vidaregåande opplæring til vaksne (§ 4A-1 og § 3-1) og kommunen har eit lovpålagt ansvar overfor innbyggjarar som fyller krava.

Dessutan er det viktig at biblioteka arbeider mot det *ABM-meldinga* kallar for det ”saumlause bibliotek”.¹⁷ Vaksne innbyggjarar som er under anna utdanning vender seg i dag til ”... det biblioteket som er lettest tilgjengelig for å få dekket disse behovene, uavhengig av hva slags institusjonell og forvaltningsmessig tilknytning dette biblioteket har” (Audunson: 2002:3) I praksis tyder dette at ei av dei viktige oppgåvene folkebiblioteka kjem til å ha i framtida er nettopp å leggja til rette for denne stadig veksande gruppa som ” ... betyr et økt press på folkebibliotekene” (Audunson 2002:7)

I *Kommuneplanen* vert nettopp kompetanse på høgare nivå trekt fram som ein mangel i kommunen ettersom berre ”... 12 % av innbyggjarane over 16 år har utdanning ut over vidaregåande skule.” (Radøy kommune 2004:4) Såleis kan bibliotektenestene vera eit verkemiddel for at unge under utdanning på høgare nivå held fram med å bu i kommunen slik at han vert meir attraktiv og relevant bustadkommune for denne gruppa.

I *Program for digital kompetanse* vert IKT- kompetanse kopla til ”livslang læring” slik:

Ser man kompetanseutvikling i et livslang læringsperspektiv, er det også viktig å sette inn tiltak for den voksne befolkning, i og utenfor arbeidslivet. I motsetning til andre lærende, som studenter og elever, bruker mange i denne gruppen ikke IKT til daglig. Når det gjelder voksnes læring, kan digital kompetanse være med på å bidra til at langtidsledighet og utstøtning av arbeidslivet reduseres. Aktive tiltak mot de med lavest kompetanse vil i mange tilfeller være samfunnsøkonomisk lønnsomt. (Utdannings- og forskningsdepartementet 2004: 21)

Å sjå digital kompetanse i eit slikt eborgarperspektiv vil seia at vaksne skal kunna gjere seg nytte av og ha glede av å bruka basale nettjenester som ”... mediens nettsider, elektronisk innlevering av selvangivlesen, banktjenester på nett, e-handel, innhenting av offentlig og privat informasjon. Dette er også et perspektiv som gjenfinnes i Regjeringens handlingsplan *eNorge 2005*.”(2004:22) Slike grunnleggjande kunnskapar om IKT er ei sentral oppgåve for dei tilsette på biblioteket overfor så vel skuleborn som den vaksne delen av innbyggjarane som ikkje har denne kompetansen.

4.3.3 Kompetanse

Lov om folkebibliotek krev fagutdanna biblioteksjef i kommunane i kapittel 2 § 4. Å få fagutdanna biblioteksjefar er også eit prioriteringsområde ABM sentralt og for Hordaland Fylke. I *Fylkesdelplanen* vert det også trekt fram at berre 71 394 av dei bibliotekansvarlege i

grunnskulen i 2000 hadde bibliotekfag trass i at dei store reformene som inneber ei elevstyrt læring som "... føreset at elevane vert meir aktive og reflekterte i høve til eigen læringsprosess og legg opp til tema- og prosjektarbeid med aukande kompleksitet og omfang gjennom heile skuleløpet." (Hordaland fylkeskommune 2002: 9). Det er difor viktig å heva bibliotekkompetansen hjå dei tilsette.

Me lever i ei tid der kunnskap og informasjon er to sentrale omgrep i kvardagen til mange, og bruken av IKT vil på ulikt vis forma og omforma tenesteinnhaldet i bibliotekverda. I *ABM-meldinga* vert det understreka at "Bruk av av folkebibliotek i etter- og vidareutdanningstiltak, anten dei er tufta på fjernundervisning eller ikkje, vil kunna prega tenestetilbodet og at den vanlege informasjons- og litteraturformidlinga vil òg i aukande grad byggje på IKT." (Utdannings- og forskingsdepartementet kap. 5.10:19)¹⁸ Likevel er det ikkje slik som me har sett at alle vaksne kan handtera denne nye reiskapen. Det er då først og fremst nødvendig å heva IKT-kompetansen hjå tilsette slik at desse igjen kan rettleia innbyggjarane i grunnleggjande IKT-kunnskapar. *ABM-meldinga* omtalar denne utfordringa slik:

Den beste måten å møte nye utfordringar på er å syta for tiltak som kan gje dei tilsette i sektoren kunnskap og byggja opp fullnøyande kompetanse for å kunna utføra arbeidsoppgåvene best mogeleg innanfor delvis nye rammer. For å stimulera til dette vil departementet setja i gang eit utviklingsprogram for folkebiblioteka. Som ein del av dette vil ein satsa på etter- og vidareutdanningstiltak,Utdannings- og forskingsdepartementet Kap. 5.10.8:23)

4.4 OPPSUMMERING

Bibliotektenestene skal vera samfunnsorienterte, sjåast i eit livsvarig utdanningsperspektiv, ein arena for alle, men med særskilt vekt born, unge og gutar og vera eit IKT-knutepunkt i kommunen som kan tilby grunnleggjande rettleiing i IKT for dei som treng dette.

5.0 STERKE OG SVAKE SIDER VED BIBLIOTEKDRIFTA

I dette kapitlet skal me sjå på dei sterke og svake sidene ved bibliotektenestene i Radøy kommune utifrå dei formelle rammene i kapittel 4.0.

¹⁷ Dette vert det også vist til i kapittel 11.5.3.3 i *St.meld. nr. 48 Kulturpolitikk fram mot 2014*

¹⁸ Dette var allereie eit viktig tema i *St.meld nr 61, 1991-92*

5.1 DEI STERKE SIDENE

5.1.1 Organisering og personalressurs

Det er svært positivt at Radøy kommune har skilt Radøy Folkebibliotek ut som ei lita sjølvstyrt eining under rådmannen. Det eksisterer ein god dialog og eit godt samarbeid mellom kommuneadministrasjon og biblioteketaten. At det vert skriva ein bibliotekdelplan er også eit tydeleg signal på dette.

Andre føremøner kommunen har organisatorisk er at tre av biblioteka er kombinasjonsbibliotek slik at alt er lagt til rette for eit samarbeid med så vel elevar som det pedagogiske personalet. Denne samlokaliseringa opnar opp for å sjå dei to bibliotekslaga, folke- og skulebibliotek, som to ulike einingar i den kommunale administrasjonen.

Alle biblioteka i Radøy ligg i nærområda til folk, denne geografiske nærleiken gjer at ein får eit meir personleg, nært og trygt tilhøve til biblioteka slik at det i utgangspunktet ikkje er nokon høg terskel for folk å nytta biblioteka og bibliotektenestene. På den positive sida må det også trekkjast fram at kommunen vanlegvis har biblioteksjef tilsett i full stilling.

5.1.2 Filialane/skulebiblioteka

Samlingane på filialane/skulebiblioteka er lagt inn på data frå kortkatalogen, men alle har ikkje strekkoder. Lån skjer framleis manuelt fordi det fram til no ikkje har vore behov for automatisk og fordi det har vore svært kostbart med tre ekstra lisensar. Dette kan no endra seg på grunn av at ein i skuleprosjektet Sam-katalog i Nordhordlandsamarbeidet kan få til utlån på nettet til ein gunstig pris, om lag 600 kr i året. Dessutan har Radøy Folkebibliotek rimeleg nye og fine lokalar på Hordabø og Sæbø skule.

5.1.3 Samarbeid

Radøy Folkebibliotek har altså oppretta kontakt med viktige og sentrale samarbeidspartnarar. Nordhordlandsamarbeidet har vore med på å gje, ikkje berre Radøy Folkebibliotek, men også Radøy Ungdomskule breiband. I dette kapitlet skal me særskilt trekkja fram det positive samarbeidet med næringslivet i kommunen i samband med IKT-prosjektet NÆRINETT i regi av Europakontoret i Hordaland fylkeskommune.¹⁹ Dette prosjektet fekk god og positiv

¹⁹Nærinett går ut på å oppretta samarbeid mellom næringslivsseksjonen og folkebiblioteket i kommunen slik at desse til saman utnyttar kunnskapane sine til å senda ut m.a. EU/EØS-informasjon til næringsliv og administrasjon I *IT-strategien* står det at ein i samtalar med Radøy kommune "... har det kome fram at denne tenesta ikkje har fungert som ønska. NÆRINETT blir i dag skildra som ikkje aktiv i kommunen, dette trass i at

tilbakemeldingar frå næringslivet og har utviklingspotensiale. Det er også positivt at grunnskulen og Radøy Folkebibliotek er i gang med samtalar kring korleis ein kan gå fram for å få eit formalisert samarbeid mellom alle skulebiblioteka og folkebiblioteket i kommunen.

5.1.4 Biblioteket som møtestad

Når det gjeld den daglege drifta på det lokale nivået har ein i dei siste åra hatt ein auke i ulike typar arrangement for ulike aldersgrupper på hovudbiblioteket som ein har kunngjort.

5.1.5 Oppsummering

Det er altså mange positive sider ved bibliotektenestene i kommunen på organiserings-, samarbeids-, arenanivået. I dei siste åra har ein også brukt ressursar på å informera innbyggjarane om tenestene.

5.2 DEI SVAKE SIDENE

Nasjonalt er bibliotektenestene og alle andre offentlege tenester inne i ei brytingstid der mykje skjer og endringane vert gjennomførte fort på grunn av dårlegare økonomi – dette skjer også Radøy kommune. Biblioteket har også merka innstramminga i budsjettet, noko som har ført til at den negative utviklinga me såg i kapittel 3.1.4 ovanfor held fram og får konsekvensar for tilbodet generelt. Det er såleis naudsynt å gå nærmare inn på bakgrunnane for utfordringane i dag gjennom å sjå dette i høve til økonomi: Budsjettet til bøker har gått dramatisk ned der botnpunktet er tala på budsjettet for 2004. Frå sommaren 2003 var det innkjøps- og stillingstopp for alle etatane i kommunen og ein fekk heller ikkje nytta vikarar. Dette ser også ut til å bli situasjonen for 2004. Utfordringane den dårlege kommuneøkonomien gjev Radøy Folkebibliotek skal me no sjå særskilt i høve til filialane og to viktige satsingsområde nasjonalt og regionalt, nemleg skulebiblioteka og IKT.

5.2.1 Filialane

I dag er det uvisse kring spesielt to av filialane, Sæbø og Sletta. I skrivande stund er det altså berre to filialar, Hordabø og Sæbø. Sletta filial er midlertidig stengt, men dette er altså ikkje vedteke politisk. Sæbø filial, som har godt utlån, har hatt reduserte opningstider sidan

prosjektet ikkje skulle vere ferdig før 2003.” Dette er, med bakgrunn i erfaringane til Radøy Folkebibliotek, svært negativ oppsummering og er ikkje samannfallande med konklusjonen vår. Det var noverande vikarierande

september 2003 ved hjelp av ad-hoc-løysingar då filialstyraren slutta og stillinga ikkje vart lyst ut att på grunn av stillingstoppen. Det er altså for lite ressursar i dag til å oppretthalda den drifta av filialane det har vore lagt til.

UTFORDRINGAR:

- Tal på filialar
- Stillingsressursar til å driva filialane
- Fordeling av opningstider på dei ulike filialane
- Stabilitet

5.2.3 Skulebiblioteka

Forutan at utviklinga av det formelle samarbeidet mellom skulebibliotek og folkebibliotek er nemnd i *Kommuneplanen*, er Radøy også nemnd i eit eige tiltak i *Fylkesdelplanen* i kapitlet ”Utvikling av grunnskulebiblioteka”:

I Radøy kommune er alle dei fire bibliotekavdelingane kombinasjonsbibliotek. Radøy kan vere ein aktuell kommune for å utvikle ein felles administrasjon for folke- og skulebiblioteka. Eit forprosjekt bør utgreie struktur, tilhøvet til regelverk og innhaldet i bibliotekmodellen.” (Hordaland fylkeskommune 2002:29)

Føremålet med eit slikt prosjekt er å styrka folkebibliotekkompetansen til dei tilsette i høve til læringsverktøy i grunnskulen, få til reelle samarbeidsavtalar mellom folke- og skulebibliotek, kartlegging av etterspurnaden og ei utprøving av ei organisering der kommunen ser på heile biblioteksystemet sitt som ei organisatorisk eining. (2002:29)

UTFORDRINGAR:

- Reelle samarbeidsavtalar mellom skule- og folkebiblioteka i kommunen
- Søkja om prosjektmidlar til utprøving av nye organisasjonsmodellar
- Kompetanseheving
- Auke i ressursen til skulebiblioteka
- Brukarundersøkingar

5.2.4 IKT og informasjon

IKT-satsinga kan vera problematisk i ei overgangstid fordi ikkje alle er flaska opp med teknologien og at det dermed eksisterer store alders- og kjønnskilnader i bruken av IKT. Det er difor svært viktig at dei bibliotektilsette i kommunen får auka kompetanse i bruk av IKT. Å

biblioteksjef og andre bibliotektilsette som representerte kommunen vår i evalueringsprosessen til prosjektet våren 2004.

vera eit IKT-knutepunkt krev også ein viss standard og storleik på maskinparken til så vel brukarar som til tilsette slik at ein kan gje innhald til breibandutviklinga i kommunen. Bibliotektenestene skal aktivt formidlast til andre, privatpersonar som etatar og næringsliv. Det er då viktig å få til stabile forhold slik at ein kan gje varig, tydeleg og heilskapeleg informasjon om tilbodet.

UTFORDRINGAR:

- Utvikla IKT-kompetanse hjå dei tilsette
- Utvikla rettleiingskompetansen hjå dei tilsette
- Utvikla maskinparken
- Gje innhald til breibandprosjektet, gjera biblioteka til IKT-knutepunkt
- Utvikla bibliotekkompetansen hjå folk som bur og arbeidar i kommunen
- Informasjon som har relevans over lengre tid
- Stabilitet

5.2.5 Oppsummering

Bibliotektenestene i Radøy kommune er mange og komplekse, og me kan oppsummera stoda slik sosiologen og bibliotekmannen Ragnar Audunson seier det om bibliotekbudsjetta i kommunane i Noreg: ”Sett i forhold til samlede utgifter over offentlige budsjetter, er det svært ubetydeleg. Likevel er de blant de mest komplekse med hensyn til målsettinger, verdigrunnlag og samfunnsmessig rolle.” (Audunson 2003:219) Hovudutfordringane er i høve til dei formelle rammene følgjande:

- Budsjettet må vidareutviklast utifrå reelle behov
- Økonomien stabiliserast
- Auke i stillingsressursar generelt
- Unngå store hol i bok- og mediesamlinga
- Stabilitet
- Utprøving av ulike modellar som ser biblioteksystemet som éi organisatorisk eining

6.0 VISJON OG STRATEGIAR

Til saman har gjennomgangen i kapitla ovanfor ført oss fram til ein visjon for all bibliotekdrift i Radøy kommune: **Radøy Folkebibliotek skal vera ein møtestad for oppleving, læring og samarbeid.**

6.1 UTDJUPING 1: EIT OPPLEVINGSSENTER

Radøy Folkebibliotek skal legga til rette for presentasjon av lokal, nasjonal og internasjonal kultur der det estetiske skal stå i sentrum. Kunstnarlege uttrykk skal ikkje berre oppfattast som ein reiskap for noko anna, fordi slike uttrykk også har ein eigenverdi.

6.2 UTDJUPING 2: EIT IKT-KNUTEPUNKT OG KUNNSKAPSEENTER

Radøy Folkebibliotek skal legga til rette for å hjelpa brukarane til å gjera seg nytte av tenestene til biblioteka, spesielt i høve til IKT og utdanning. Slik vert biblioteket ein sentral og trygg stad for å få tilgang på kunnskap, informasjon uansett medium i ei tid med fokus på livslang læring og stadige omsiftingar.

6.3 UTDJUPING 3: SAMARBEID

Radøy Folkebibliotek ynskjer å vera ein sentral samarbeidspartner for næringsliv og folk som bur og arbeidar i kommunen.

6.4 STRATEGIAR

Gjennomgangen ovanfor har leia oss fram til dei seks følgjande strategiane:

Strategi A: Styrkja bibliotekkompetansen

Strategi B: Utvikla bibliotekstrukturen og personalressursen

Strategi C: Gjera Radøy Folkebibliotek til ein naturleg og sentral møtestad for alle

Strategi D: Gjera Radøy Folkebibliotek til ein attraktiv stad for born og ungdom

Strategi E: Gjera Radøy Folkebibliotek til ein naturleg og sentral læringsarena for alle.

Strategi F: Gjera Radøy Folkebibliotek til ein naturleg og sentral samarbeidspartnar

7.0 TILTAKSPLAN

Tiltaka botnar i at bibliotektenestene i Radøy må gå i dialog med brukarane slik at desse får vera me på å utforma tilbodet m.o.t. form, innhald og at dei også skal få vera ansvarlege for arrangement. Viktige brukargrupper det må satsast på er:

1) Sjuke og folk på institusjonar

2) Kvinner, eldre og flyktingar utan grunnleggjande IKT-kompetanse

3) Gutar og menn

Økonomi og ansvarsfordeling kjem fram av framdriftsplanen.

STRATEGI A: STYRKJA BIBLIOTEKKOMPETANSEN

Tiltak 1: Auka kompetansen hjå dei tilsette på Radøy Folkebibliotek og dei bibliotekansvarlege i grunnskulen

a) Få fagutdanna biblioteksjef

b) Alle dei tilsette skal få grunnleggjande kompetanse i IKT og rettleiingskompetanse.

c) Tilbod om etter- og vidareutdanning i bibliotekfag for folk som arbeidar med bibliotektenestene i kommune

Tiltak 2: Auka bibliotekkompetansen hjå folk som bur og jobbar i kommunen

a) Opplysa kontinuerleg om opningstider, gratisprinsippet, fjernlån, rettleiing i grunnleggjande IKT, møtestad, livslang læringsperspektivet og andre tilbod.

b) Oppslag på ulike offentlege stader og aviser og heimesider

c) Vidareutvikla NÆRINETT

d) Gje tilgang til aktuell og allsidig informasjon lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

e) Informera til lag, organisasjonar og einskild personar

f) Laga stands på butikkane i kommunen

Tiltak 3: Utvikla den teknologiske maskinparken

a) Innkjøp av nye maskiner

b) Kjøp av tilleggsutstyr

c) Innkjøp av videokonferanseutstyr

STRATEGI B: UTVIKLA BIBLIOTEKSTRUKTUREN, PERSONALRESSURSEN OG MASKINPARKEN

Tiltak 4: Utvikla bibliotekstrukturen

- a) Sjå alle bibliotektenestene som éi organisatorisk eining og prøva ut ulike modellar i eit fleirårig prosjekt
- b) Laga årshjul for drifta i etaten
- c) Laga stillingsskildringar
- d) Søkja om prosjektmidlar
- e) Prøva ut nettutlån

Tiltak 5: Utvikla personalressursen

- a) Tilpassa personalressursane når det gjeld storleik
- b) Ha ein fleksibel bruk av personalressursane
- b) Utvikla personalressursane til filialane

STRATEGI C: GJERA RADØY FOLKEBIBLIOTEK TIL EIN NATURLEG OG SENTRAL MØTESTAD

Tiltak 6: Kjøpa inn bøker og andre medium etter lokale tilpassingar.

- a) Kjøpa inn emigrantlitteratur for å byggja opp den faste utstillinga "Emigrantlitteratur".
- b) Kjøpa inn litteratur som kastar lys over den faste utstillinga av båtmodellane til Kolflaat
- c) Kjøpa inn anna lokalhistorie (t.d bygdebøkene i regionen)
- d) Kjøpa inn faglitteratur innan t.d. jordbruk, skogbruk og fiske

Tiltak 7: Vera møtestad i samband med ulike typar arrangement

- a) Ha ulike utstillingar med aktuelle bøker eller andre kunstnarlege uttrykk.
- b) Arrangera debattar
- c) Ha ulike mindre utstillingar, gjerne med lokal/regional koloritt
- d) Ungdomskafé/seniorkafé
- e) Forfattaropplesingar
- f) Møtestad for lag og organisasjonar og alle andre som har trong for lokale

g) Fast tidspunkt der innbyggjarane kan møta sentrale politikarar i kommunen, samt sentrale folk i den kommunale administrasjon og råd/organisasjonar i kommunen for uformelle samtalar

STRATEGI D: GJERA RADØY FOLKEBIBLIOTEK TIL EIN ATTRAKTIV STAD FOR BORN OG UNGDOM

Tiltak 8: Formidling av litteratur

Formidling av litteratur kan skje på fleire ulike måtar som t.d.:

- a) Forfattarvitjingar av forfattarar born og unge etterspør
- b) Eventyrstund (spesielt for mindre born)
- c) Tilsette reiser til skulane for å ha t.d. opplesingar
- d) Temakveldar for born og ungdom
- e) Presentasjon av relevante barne- og ungdomsbøker på ulikt vis
- f) Utvikla ei interaktiv heimesida
- g) Lokale vaksne, seniorar og eldre som formidlarar i samarbeid med Prosjekt Eldrepedagogikk på Hordaland Fylkesbibliotek.
- h) Bokkafé
- i) Trivelege og estetiske omgjevnader
- j) Tiltak som får gutar, unge menn og menn på biblioteka (bil, moped, jakt, fiske o.l.)
- k) Stimulera born og unge til å lesa/skriva dikt
- l) Arbeida med den kulturelle skulesekken
- m) Skapa gode holdningar til data- og informasjonsøking

Tiltak 9: Utlånstilbodet til born og unge

- a) Kjøpa inn fleire eksemplar av dei mest populære bøkene og seriane.
- b) Hurtigare utskiftingar på t.d. biletbøker, videoar og cd-ar.
- c) Få innspel frå born/unge.
- d) Kjøpa inn nynorsk litteratur for born/unge

STRATEGI E: GJERA RADØY FOLKEBIBLIOTEK TIL EIN NATURLEG OG SENTRAL LÆRINGSARENA

Tiltak 10: Utvikla potensialet biblioteka har som studiesenter og møtestad for folk under utdanning uansett alder og lærestad.

- a) Lesesal for studentar
- b) Rettleia nettstudentar i grunnleggjande informasjons- og kommunikasjonsteknologi
- c) Samarbeidsavtale om sambruk av dei berbare macane til Radøy Ungdomskule
- e) Samarbeida med ulike lokale studieorganisasjonar, studentar og ulike grupper studentar
- g) Tilpassa programvarer til studieføremål
- h) Utvikla og oppdatera maskinparken.

STRATEGI F: GJERA RADØY FOLKEBIBLIOTEK TIL EIN NATURLEG OG SENTRAL SAMARBEIDSPARTNAR

Tiltak 11: Formalisera eksisterande og framtidige samarbeid

- a) Formalisera det lovpålagte samarbeidet mellom skule- og folkebibliotek
- b) Halda fram med og utvikla regionalt samarbeid (Nordhordlasamarbeidet)
- c) Utvikla samarbeidet mellom skule- og folkebibliotek i høve til læreplanarbeidet særskilt ved kombinasjonsbiblioteka (Sæbø skule, Hordabø skule og Radøy ungdomskule)
- d) Laga eit opplegg for barnehageborna og kvart skulesteg i grunnskulen som samsvarar med intensjonane i L97 slik at dette opplegget vert biblioteket sitt bidrag til arbeidet med *Den kulturelle skulesekken* i kommunen
- e) Utføra samarbeidsavtalen med Vestnorsk Utvandringssenter (museum)
- f) Vera aktiv med omsyn til å finna nye og interesserte samarbeidspartnarar
- g) Driva med internasjonalisering
- h) Utvikla samarbeidet med Radøy Mållag
- i) Utvikla samarbeidet med kultur-, flyktning- og spesialkonsulent
- j) Utvikla samarbeidet med eldre- og ungdomsrådet

k) Leggja til rette for den lovfesta tilrettelegginga for grupper med særskilte behov

l) Utvikla samarbeidet med Fylkesbiblioteket i Hordaland

I tillegg vil det vera ei hovudoppgåve å etablera og utvikla samarbeid med m.a. barnehagane, barne- og ungdomsorganisasjonar, Manger Folkehøgskule, ulike typar barnelag (kultur, idrett og anna), Radøy musikk- og kulturskule, Tjorehagen, Radøy Kunst Senter, lokale forfattarar, Radøy sogelag, politikarane, dei ulike etatane i kommune, Radøy kyrkjelege fellesrådet, Klubben, idrettslaga og andre lag, organisasjonar og ulike ressurspersonar som er interesserte i samarbeid.

8.0 FRAMDRIFTSPLAN

Denne framdriftsplanen må lesast i lys av vedlegg 1 (Tiltaksplan). RF står for Radøy folkebibliotek.

ÅR	TILTAK Hovudvekt	ØKONOMI	ANSVARLEG
2005	Tiltak 1: Auka kompetansen for dei tilsette på RF og dei bibliotekansvarlege i grunnskulen	50 000,- *1	RF, grunnskulane i Radøy og andre involverte
	Tiltak 2: Auka bibliotekkompetansen hjå folk som bur og jobbar i kommunen	10 000,-	RF og andre bibliotekansvarlege

Tiltak 3: Utvikla bibliotekstrukturen	Søkja om pro.midlar*2	RF, grunnskulane og Radøy kommune
Tiltak 4: Utvikla personalressursen	75 000,- *2	RF, grunnskulane og Radøy kommune
Tiltak 5: Utvikla maskinparken	100 000,-	RF og grunnskulane

2006

Tiltak 1: Auka kompetansen for dei tilsette på RF og dei bibliotekansvarlege i grunnskulen	50 000,- *1	RF, grunnskulane i Radøy og andre involverte
Tiltak 3: Utvikla bibliotekstrukturen	Søkja om pro.midlar *2	RF, grunnskulane og Radøy kommune
Tiltak 4: Utvikla personalressursen	75 000,- *2	RF, grunnskulane og Radøy kommune
Tiltak 8: Formidling av litteratur til born og ungdom	20 000,- og eigeninnsats	RF og andre bibliotekansvarlege
Tiltak 9: Utvikla utlånstilbodet til born og ungdom	50 % av bokbudsjettet	RF, grunnskulane og Radøy kommune

2007	Tiltak 1: Auka kompetansen for dei tilsette på RF og dei bibliotekansvarlege i grunnskulen	50 000,- *1	RF, grunnskulane i Radøy og andre involverte
	Tiltak 3: Utvikla bibliotekstrukturen	Søkja om pro.midlar *2	RF, grunnskulane og Radøy kommune
	Tiltak 4: Utvikla personalressursen	75 000,- *2	RF, grunnskulane og Radøy kommune
	Tiltak 10: Utvikla potensialet biblioteka har som studiesenter og møtestad for folk under utdanning	50 000,- og eigeninnsats	RF og andre involverte
2008	Tiltak 1: Auka kompetansen for dei tilsette på RF og dei bibliotekansvarlege i grunnskulen	50 000,- *1	RF, grunnskulane i Radøy og andre involverte
	Tiltak 3: Utvikla bibliotekstrukturen	Søkja om pro.midlar *2	RF, grunnskulane og Radøy kommune
	Tiltak 4: Utvikla personalressursen	75 000,- *2	RF, grunnskulane og Radøy kommune

	Tiltak 11: Formalisera eksisterande og nye samarbeid	Eigeninnsats	RF og dei involverte partane
2009	Tiltak 1: Auka kompetansen for dei tilsette på RF og dei bibliotekansvarlege i grunnskulen	50 000,- *1	RF, grunnskulane i Radøy og andre involverte
	Tiltak 3: Utvikla bibliotekstrukturen	Søkja om pro.midlar *2	RF, grunnskulane og Radøy kommune
	Tiltak 4: Utvikla personalressursen	75 000,- *2	RF og Radøy kommune
	Tiltak 6: Kjøpa inn bøker og andre medium etter lokale tilpassingar	30 % av bokbudsjettet	RF og dei involverte partane
	Tiltak 7: Vera møtestad i samband med ulike arrangement	10 000,-	RF og dei involverte partane
2010	EVALUERING AV PLANEN OG RULLERING AV NY PLAN	20 000,- og eigeninnsats	Hovudansvar: RF

*1 Her kan ein også søkja om eksterne stipend og legat

*2 Her er må RF starta med å søkja om midlar på 500 000 for ein prosjektperiode på 3 år der Radøy kommune prøver ut fleire måtar å utnytta kombinasjonsbiblioteka i kommunen. Midlane det vert søkt om skal hovudsakleg dekkja ei heil stilling for ein barne- og ungdomsbibliotekar som vil vera koordinator for prosjektet.

Finansiering kan ein få til gjennom å søkja midlar hjå staten, fylkeskommunen mot at kommunen sjølv også kan vera med å finansiera. I kapittel 18 ”Økonomiske og administrative konsekvensar” i *Kulturmeldinga* det trekt fram at

... det vil vera behov for å trappa opp dei statlege løyvingane til kulturføremål i det komande tiåret. Dei fyrste åra vil *hovudprioriteringa* måtta vera å følgja opp dei opptrappingsplanane som følgjer av dokument som alt er lagde fram tidlegare, og som Stortinget har slutta seg til. Dette gjeld fyrst og *fremst St.meld. nr, 22 (1999-2000 om saksområda arkiv, bibliotek og museum ...* (mi eiga utheving (Kyrkje-, Utdannings- og forskningsdepartementet: <http://odin.dep.no/kkd/norsk/publ/stmeld/043001-040005/index-dok000-b-n-a.html>

Slike lovnader om løyvingar finn me også i *Den kulturelle skuleskken*. ABM-utvikling og Norsk kulturråd ”... gjev støtte til mange ulike utviklings- og pilotprosjekt som kan ha overføringsverdi til andre stader i landet, og som kan inngå som del i lokale skulesekken.” (Utdannings- og forskningsdepartementet: <http://odin.dep.no/kkd/norsk/publ/stmeld/043001-040003/index-dok000-b-n-a.html>)

LITTERATURLISTE

Audunson, Ragnar (2003). Bibliotekene – en institusjonstype i spenningsfeltet mellom ulike sosiale diskurser. I: Ilkka Mäkinen og Katja Sandqvist (red). *Introduktion til informationsvetenskapen*. Tampere, Tampere University Press.

Audunson, Ragnar (2002) *En sømløs biblioteklov for sømløse tenester?* Rapport nr. 3, 2002, Utredning for Statens biblioteksyn. Høgskolen i Oslo (Bibliotek og informasjonsstudiesene/Senter for bibliotekutvikling)

Frisvold, Øivind, (2001). *Bibliotek – kultur og samfunn*. Oslo, Høgskolen i Oslo – Avdeling for journalistikk, bibliotek og informasjonsfag

McCabe, Ronald B. (2001). *Civic Librarianship: Renewing the Social Mission of Public Libraries*. Lanham, Scarecrow Press.

Skot-Hansen, Dorthe (2001). Folkebiblioteket i civilsamfundet – civilsamfundet i folkebiblioteket. I: Ragnar Audunson og Niels W. Lund (red). *Det siviliserte informasjonsamfunn: Folkebibliotekenes rolle ved inngangen til en digital tid*. Bergen, Fagbokforlaget.

Vaagan, Robert W. (2002). *The Ethics of librarianship: an international survey*. München, K.G. Saur

OFFENTLEGE PUBLIKASJONAR*1

ABM-utvikling

<http://www.abmutvikling.no/regelverk/retningslinjer/etiskeretningslinjermedkommentarer.pdf>

Hordaland fylkeskommune Bibliotekstatistikk 1999-2002: <http://www.hordaland-f.kommune.no/fylkesbibl/Statistikk/Default.htm>

Hordaland fylkeskommune.(2002) *Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland: Rullering 2002-2005*. Hordaland Fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune (2004) *Fylkesdelplan for Museum 2004-2010* (Planforslag med justeringar etter høyring). Hordaland fylkeskommune.

NIRVANA, Forprosjekt til NIRVANA,

http://nordhordland.bibliotekivest.no/forprosjekt_til_nirvana.htm

IT-strategi for Radøy kommune, Radøy kommune:

<http://www.radoy.kommune.no/prosjekt/strategi.pdf>

Kongeriget Norges Grundlov, given i Rigsforsamlingen paa Eidsvold den 17de Mai 1814,

<http://www.lovdatab.no/all/tl-18140517-000-002.html>

LOV 1998-07-17 NR 61 *Lov om grunnskolen og den videregående opplæringen (Opplæringsloven)*, Kyrkje-, Utdannings- og forskningsdepartementet:

<http://www.lovdatab.no/all/hl-19980717-061.html>

LOV 1985-12-20 nr 108: *Lov om folkebibliotek*, Kultur og kyrkjedepartementet:

<http://www.lovdatab.no/all/hl-19851220-108.html>

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen, 1996. Oslo: Kyrkje-, Utdannings- og forskningsdepartementet

Radøy kommune (2003) *Kommuneplan for Radøy 2003-2015 langsiktig del med arealdel*

Statistisk Sentralbyrå. <http://www.ssb.no/emner/08/02/10/kpi/kpiregn.html>

Stortingsmelding nr. 22: *Kjelder til kunnskap og oppleving: Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområde*. Kyrkje-, Utdannings- og

forskningsdepartementet :<http://odin.dep.no/kkd/norsk/publ/stmeld/018005-044002/index-dok000-b-n-a.html>

Stortingsmelding nr.30 (2003 -2004) *Kultur for læring: Tilråding fra Utdannings- og forskningsdepartementet av 2. april 2004, godkjent i statsråd samme dag.* Utdannings- og forskningsdepartementet: <http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/stmeld/045001-040013/hov002-bn.html>

Stortingsmelding nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skulesekken.* Kyrkje-, Utdannings- og forskningsdepartementet: <http://odin.dep.no/kkd/norsk/publ/stmeld/043001-040003/index-dok000-b-n-a.html>

Stortingsmelding nr. 39 (2002-2003) *"Ei blot til lyst": Om kunst og kultur i og i tilknytting til grunnskolen.* Utdannings- og forskningsdepartementet

Storingsmelding nr. 48 (2002 -2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014.* Kultur- og kyrkjedepartemenet: <http://odin.dep.no/kkd/norsk/publ/stmeld/043001-040005/index-dok000-b-n-a.html>

Tiltaksplan for leselyst og leseferdighet, *Gi rom for lesing: Strategi for stimulering av leselyst og leseferdighet 2003-2007,* Utdannings- og forskningsdepartementet:
<http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/handlingsplaner/045071-220011/index-dok000-b-f-a.html>

Utdannings- og forskningsdepartementet (2004) *Program for digital kompetanse 2004-2008*

UNESCO, UNESCOs manifest om folkebiblioteket,
<http://www.unesco.no/generelt/unesco/instrumenter/folkbibl.html>

PERSONAR:

Vikarierende bibliotekssjef i Radøy Kommune, Silje Namtvedt, Unni Rosnes Ystebø og resten av personalet ved Radøy Folkebibliotek

Kulturkonsulent i Radøy kommune, Rune Rydland

Bibliotekssjef i Lindås kommune, Marit Gro Berger

Spesialkonsulent i Radøy kommune, Helge Vallestad.

Førstekonsulent på Hordaland Fylkesbibliotek, Eva Mostraum.

Hovudbibliotekar ved Høgskulen i Bergen Tove Pemmer Sætre